

KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 4. desember 2014
Møtestad: Rådhuset kl. 15.15

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjelld og Arild Nærø.

= **4 voterande**

Olav Løvoll hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt som vart behandla.

SAK 21/14 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. SEPTEMBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 10. september 2014 blir godkjent.

SAK 22/14 PRAKTISERING AV PLAN- OG BYGNINGSLOVA I NORDDAL KOMMUNE

Sakdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.11.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Norddal kommune blir bedt om å gjere greie for rutinar og praksis når det gjeld kommunen si handheving av søknadsplikten nedfelt i plan- og bygningslova § 20-1 pkt. j som gjeld plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg.
2. Det skal spesifikt gjerast greie for korleis unntak i byggesaksforskrifta § 4-2 pkt. b og c som m.a. gjeld campingvogn er vurdert og praktisert opp mot dei ufråvikelege krava i plan- og bygningslova § 30-5 som begrensar plasseringsmuligheitene for alle tiltak som fell inn under lova sin § 20-1 pkt. j.

3. Det blir presisert at kommunen sitt svar må omfatte både eksisterande og framtidige tiltak.

SAK 23/14

BREV FÅ ELSA N. OG LARS J. SELBOSKAR DATERT 1. SEPTEMBER 2014

Sakdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.11.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir bedt om ei skriftleg orientering frå kommunen om saka med opplysningar om rutinar på saksområdet og restansesituasjonen i byggesaker.

SAK 24/14

TERTIALRAPPORT PR 31. AUGUST 2014

Sakdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.11.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Kontrollutvalet ser med bekymring på det høge sjukefråværet i pleie og omsorg. Utvalet ber om at kommunen orienterer om årsaker til det høge sjukefråværet og kva som blir gjort for å redusere det.

SAK 25/14

ORIENTERING OM GJENNOMGANG AV FJERNVARMEPROSJEKTET

(Saka kom opp under eventuelt)

Dagleg leiar i kommunerevisjonen Kjetil Bjørnsen orienterte om at revisjonsgjennomgangen var planlagt ferdigstilt til våren.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet slutt kl. 17.02.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
nestleiar
(sign.)

Turid Aspehjel
medlem
(sign.)

Arild Nærø
medlem
(sign.)